



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 31.07.2018
Vår ref.: 2018/11848-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Andreas Granli

Kulturminnefagleg fråsegn - Gnr. 15 Bnr. 10 Sletta - landbruksveg

Me viser til brev datert 12.06.18 med ovenfor nemnde sak til fråsegn. Me beklagar overskride saksbehandlingsfrist, grunna ferieavvikling. Hordland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld bygging av landbruksveg og massetak på Sletta i Radøy kommune.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltak. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne eller gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.